



Sidsel Styve  
Helleåsen 41  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2263 - 18/31823

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
19.10.2018

## Endra vedtak for søknad om dispensasjon frå byggjegrense for oppføring av garasje- gbnr 202/118 Hjelmås

### Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Sidsel Styve  
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-4

### Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon i frå regulert byggjegrense for etablering av garasje med bygd areal (BYA) ca. 28,8 m<sup>2</sup>, 1 meter i frå nabogrensa. Det vart gjeve løyve til dispensasjon i vedtak datert 07.09.2018 på vilkår av at garasje vart trekt inn på tomta slik at minsteavstand til tomtegrense mot veg vart 3 meter. Det er motteke klage på vilkår «Garasje må trekkast inn på tomta slik at minsteavstand til tomtegrense mot veg vert 3 meter.»

Det vert elles vist til vedtak om løyve til dispensasjon datert 07.09.2018.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Helleåsen bustadområde plan-id 1263-19032007 er definert som bustadtomt .

Reguleringsplan har eigen utnyttingsgrad for de ubebygga tomtane, men ingen for de tomtane som allereie er bygd.

Omsøkte tiltak er på om lag 28,8 m<sup>2</sup>, og er difor eit mindre tiltak på bygd eigedom.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå regulert byggjegrense. Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:



Eg ynskjer å ha garasjen i ytterkant av hagen min, og ønsker difor om dispensasjon fra 4 metersgrunse i reguleringsplanen. Terrenget er lavare der, så det vil bli estetisk finere. Det vil også ta mindre av den beste uteplassen. Garasjen vil ikke være til gjemme for naboar, siden anna belyselse ligg langt ifra. Det blir ingen hafikkmessige ulengper, då plassering og utkjørsel er oversiktlag.

Garasjen blir av standard liten, enkel styrrelse.

#### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 27.07.2018.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrønse mot veg vist til å vere 1 meter. Det er krav til å kunne snu på privat grunn, utan å nytte vegbana eller anna vegkonstruksjon som hindrar sikr langs vegen. I opphavlege løyve vart det satt vilkår om at garasje skal trekka 3 meter inn på tomta og vekk frå vegen for å oppfylle dette kravet. I brev datert 25.09.2018 har eigar av gnr 202/3 stadfesta at eigar av gnr 202/118 kan nytta arealet mellom omsøkte tomt og vegen til snuareal for bil.

#### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

I søknad er det vist avkjørsle i frå nordvest på tomta. Det vart for reguleringsplanen gjort ei mindre endring 24.05.2016. Avkjørsle som syna på innsendte situasjonskart datert 02.08.2018 samsvarer med denne endringa.

#### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser uteoppholdsareal, garasjeplassering og avkjørsle.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

#### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

#### **Det er sendt inn slik klage på vedtak i brev motteke her den 25.09.2018:**

«*I dispensasjon fra regulert byggjegrense for oppføring av garasje, vart det sett som vilkår at garasjen må trekkjast inn på tomta, slik at minsteavstand til tomtegrense 202/3 mot vest/veg vert 3 meter. Det er begrunna i eit krav til at ein skal kunne snu på eigen grunn, utan å nytte naboeigedom.*

*I omsøkte garasje si plassering er det for liten plass til å snu på eigen grunn, utan å ta i bruk 2 meter av 202/3 til dette formålet.*

*Det er ikkje plass til å trekke garasjen 2 meter lenger inn på eigen tomt, slik kommunen krev. 202/3 har skriftleg til kommunen (23 sept. 18) sagt seg villig til å avgj 2 meter som snuplass i ei stripe mot vegen, gjennom ein avtale med 202/118, som blir tinglyst. Eg klagar på vilkåret for dispensasjonen, og ynskjer ei endring der avstanden til nabogrense også mot vegen (vest) skal være 1 meter. Dette fordi det er for liten plass å trekke garasjen lenger inn på eigen grunn, men vilkåret med tre meter vil likevel bli oppfylt. Dette ved at eg får ein tinglyst avtale med 202/3 om å nytte 2 meter av hans eigedom til snuplass.»*

#### **Vurdering:**

Arealet ned mot vegen som ligg på gbnr 202/3 er truleg ikkje nytbar til anna føremål. Vegen har gode siktforhold og den vil ikkje vert redusert som følgje av at bnr 118 nyttar dette arealet til å snu eiga bil. Administrasjonen vurderer at reguleringsplanens formål ikkje vert redusert som følgje av dette og at ein på ei god måte har funne ei løysing som sikrat trafikktrykkleiken i området.

#### **Plassering**

Plassering av garasje som syna på situasjonskart datert 27.07.2018 vert godkjent. Minste avstand til nabogrense er 1 meter. Tomta skal nytta areal på gbnr 202/3 som snuareal for bil.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i forvaltningslova § 33 2.ledd vert klage tatt til følgje. Plassering av garasje vert godkjent som syna på situasjonskart datert 27.07.2018.**

**Vi gjer merksem på at når tiltaket er ført opp må du melde i frå til kommunen. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan

fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

#### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikke avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

#### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikke er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

#### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjever

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Sidsel Styve

Helleåsen 41

5915

HJELMÅS